



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG ÅRSMELDING 2017

Årsmøte i lagshytta på Kleppa
torsdag 1.mars 2018 Kl.19:00



Starekassebygging

foto: Svein Inge Lundheim

Jakt-, fiske- og friluftsliv-glede til alle – for alltid!

ÅRSMØTE

Lagshytta på Kleppa

torsdag 1.mars 2018 kl.19:00

SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinkalling.
2. Val av møteleiar og skrivar.
3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.
4. Årsmelding.
5. Rekneskap.
6. Revisjon av vedtekter.
7. Val.
8. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.

Forslag frå styret: Ole Simen Nesdal, Svein Inge Lundheim og
Ingeborg Sivertstøl

9. Medlemskontigenten 2019.
Forslag frå styret: Ingen auke i 2019
10. Info. om aktivitetar i 2018.
 - Aktivitetskalender for 2018.
 - 40 årsmarkering 16.mars.
11. Innkomne saker.
Ingen innkomne saker.

Etter årsmøtet vert det enkel servering,
og sosialt samver!

Nye og gamle medlemmar er velkomne!

Leikanger Jakt- og Fiskelag

ÅRSMELDING 2017

Styret har i 2017 vore samansett som følgjer:

Leiar: Svein Inge Lundheim
Nestleiar: Ole Simen Nesdal
Kasserar: Håkon Nesse
Sekretær: Kjell Erik Strand
Kvinnekontakt: Ingeborg Sivertstøl
Varamedlem: Sverre Fjøsne

I tillegg møter leiarane for utvala på styremøte (sjå side 5).

Ved årsskiftet hadde laget 278 medlemmer, som utgjer ca.12% av innbyggjarane i Leikanger Kommune. Det er ein nedgang på 17 medlemmar i 2017.

Møte og samlingar:

Det er halde 3 styremøte der det vart handsama til saman 50 saker.

På årsmøte til Leikanger jfl i lagshytta på Kleppa den 23.februar, var det med 9 medlemar.

Bjarne Sjøthun er styremedlem i Leikanger Frivilligsentral.

Leikanger jfl er fortsatt representert i Sogn og Fjordane NJFF i året som har gått. Odd Rune Våge er medlem i jakthundutvalet og Svein Inge Lundheim er leiar i fylkesutvalet for jaktskyting.

På «Foreningsløfte-møte» på Skei 16.januar var Kjell Erik Strand, Ole Simen Nesdal, Ingeborg Sivertstøl og Svein Inge Lundheim deltagarar.

Ved årsmøte i NJFF-Sogn og Fjordane 18.-19.mars i Førde var Kim Vidar Bakken, Odd Rune Våge og Svein Inge Lundheim utsendingar frå Leikanger jfl. Ingeborg Sivertstøl var med som leiar i valnemda.

På viltseminaret 17.-18. mars i Førde var Ingeborg Sivertstøl, Odd Rune Våge, Kim Vidar Bakken og Svein Inge Lundheim deltagarar.

Generelt:

I 2017 kan me også konstantera at året hadde vore eit positivt år for Leikanger Jakt- og Fiskelag. Til liks med åra før har det vore gjennomført ei rekke tiltak – me viser til ei oppsummering av aktivitetar annan stad i årsmeldinga. Men sett frå styret sin ståstad, har året vore prega av større konkurranse frå «Saften» og andre om deltagarane på aktivitetane. Det viser også at familieaktivitetar fortsatt samlar flest deltagarar. I framtida må laget gå inn i meir samarbeid med speidaren, Barnas Turlag og andre.

Laget har vist at det maktar å gjennomføre gode tiltak. Tilliten dette skapar gjev grunnlag for nye positive tilsegn. Styret nyttar høvet til å takke alle som bidreg i prosjekt og ulike aktivitetar. Økonomisk har 2017 også vore eit godt år. Det tryggar drifta på alle måtar. Samstundes har mykje av inntektene kome i form av tilskot til ulike aktivitetar, sjå nedanfor.

Gåver, tilskot og dugnadsinntekter:

Ei stor takk til våre samarbeidspartnarar som me har fått tilskot/støtte frå:

- | | |
|--|------------|
| • Norsk Tipping - Grasrotandelen | 13 566,-kr |
| • Link Bingo | 66 368,-kr |
| • Sparebankstiftelsen Sogn og Fjordane | 75 000,-kr |

• Opplev Leikanger – oppsetting av gjerde ved stiprosjekt	4 000,-kr
• Mva-kompensasjon	17 713,-kr
• Leikanger Kommune – kulturmidlane	15 000,-kr
• NJFF- «Fiskesommer»	10 000,-kr
• NJFF- Frifond/LNU- midlar til barn- og ungdomsaktivitetar i 2017/18:	33 403,-kr
• NJFF- «Jaktskyttarskule»	5 000,-kr
• Sogn Avis – sponsoravtale med gratis annonsering inntil (eks.mva.)	20.000,-kr

I tillegg vil laget rette ei stor takk til Lerum, Marine Harvest, Årskog Bakeri, E. Røysum, Små Livsgleider, Sogn Røyr og andre bedrifter som bidreg med støtte til lagsarbeidet vårt.

Kurs, trening og konkurransar:

- Fuglekassebygging.
- Jegerprøvekurs – 8 deltagarar.
- Bra aktivitet m/instruksjon på leirduebana.
- Jaktskyttarskule – gratis hagle- og rifleskyting.
- Skytetrening på jaktfelt. (avtale om bruk av skytebana i Eivaldgjerde)
- Kurs i aversjondressur (el.halsband).
- Revejakt med hund.
- Åtejakt på rev.
- Fellefangst på mår.
- ”Indre Sogn Cup” (50 skot) i lag med Luster jfl.
- Lagsmeisterskap i jegertrap og leiruesti/sporting.
- Duellen mellom skyttarlaget og jakt og fiskelaget.
- Vårsprellen- sjøfiskekonkurranse.
- Fiskekonkurranse på Fjærlandsete.
- Hjortejakt-opplæringsjakt.
- Blodsporkurs.
- Røykelakskurs.

Som det går fram av opplistinga over, har det vore bra aktivitet på leirduebana. Instruktørar og standplassansvarlege på leirduebana har vore Odd Reksnes, Emil Røysum Skartun, Nils Olav Langeteig, Per Norstein, Håkon Nesse, Ole Simen Nesdal, Tom Debu Nesvåg og Svein Inge Lundheim.

På fiskekongekonkurransen på Fjærlandsete var det med 41 deltagarar og Kjetil Berg fekk den største auren på 543gr. Gjermund Høgheim fekk flest med 11 aurar og den største på flugestang på 350gr. Best i fiskekuben vart Emmelin A. Røysum og Isabell A. Røysum med 3 aurar kvar.

Vinnaren av ”Vårsprellen” vart Jan Egil Gjøringbø med ei lir på 1380gr. I fiskekuben vart Torunn Lærum Gjøringbø best med ein lir på 780gr.

Joakim Langeteig vart lagsmeistar i jegertrap med 25tr. og lagsmeistar i leiruesti/sporting med 23tr. Vidar Jacobsen vart beste i jegerklassen med 24 tr. og Eirik Håland Moen beste junior med 11tr. i jegertrap. Beste jeger i leiruesti/sporting vart Tom Debu Nesvåg med 19tr.

I Våpenloftecup jaktfelt vart Frode Husum vinnar i JA/JB klassen med 418p. I klassen JC vart Erlend Loftesnes Røysum nr.1 med 379p og Frode Ølmheim nr.4 med 366p.

Frode Husum fekk bronse i FM-jaktfelt med 142p. Leikanger jfl fekk sølv i lagskytingen, med på laget var Frode Husum (142p), Erlend L.Røysum (129p) og Frode Ølmheim (116p).

Leikanger jfl fekk sølv i lagskyting FM-sporting, med på laget var Frode Husum (40tr) , Joakim Langeteig (39tr) og Arve Lingjerde (33tr)

Nils Olav Langeteig vart «Systronds beste skyttar» med 44 treff samanlagt. Best på leirduebana vart Joakim Langeteig med 25tr. Eivind Yttri vann på 100M med 248 poeng.
I Duellen vann jakt- og fiskelaget lagkonkurransen med 285p. mot skyttarlaget's 277 p.
Duellen vart avslutta med grilling i grillhytta ved Joakim Langeteig.

I pridatorkonkurransen vart Frode Ølmheim nr.1 med 600p. (12 mårar), Per Røysum vart nr.2 med 400p. (6 mårar og 2 revar) og Bjarne Sjøthun nr.3 med 395p.(1 rev, 9 mink og 6 kråker). Premiane var gávekort hjá Erling Røysum a/s på 1300,-kr, 1000,-kr og 700,-kr Premiane vart sponsa av Erling Røysum a/s , Systrand Grunneigarleg og Leikanger Jakt- og Fiskelag med 1/3 på kvar. I tillegg vart det trekt knivsett til Vidar Frækaland og regnponsjo til Øyvind Husabø. Njff Sogn og Fjordane støtta konkurransen med 2 stk pusset a.500,-kr som vart trekt ut til Frode Ølmheim og Bjarne Sjøthun.

Jaktprøvar og utstillingar for hundar:

Alma Basta frå Sognalosen (eigarar Ingeborg Sivertstøl og Odd Rune Våge) vart BIR (best i rasen) på kvelpeshow i Bergen 30.sep.

Utstilling:

NUCHNV-16 Irta's Ola Zero (eigar Anne Katrin Bøyum) 05.feb: Exc.AK 1.AKK CK CERT 2.BHK. 24.juni: Exc AK 1.AKK CK CERT 1. BHK BIM. 25.juni: Exc AK 2.AKK CK R CERT 4. BHK.

Sognexpressen's Olli (eigar Bjørn Monsen) Exc.BK.3.BKK Exc.BK.2.BKK.CK.R.CERT 2.BTK
Frankmovangen's Lina (eigar Bjørn Monsen) Exc.BK.1.BKK.CK.CERT1.BTK.BIR.
Exc.BK.1.BKK.CK.CERT.1.BTK.BIM.

Jaktprøvar:

Sognexpressen's Olli (eigar Bjørn Monsen) 1x1.UK. 2x2UK.

Frankmovangen's Lina (eigar Bjørn Monsen) 1x1.AK.

Epleskogen's Adam (eigar Bjørn Monsen) 1x1.VK. 2x2.VK

Medlemar som er ettersøksekvipasjar i *Sogndal ettersøkslag*: Odd Rune Våge med Aura, Elin Anita Gjerde med Desparados Tingeling og Roald Lunde med Vossasvarten's B Anja.

Instruktørar, dommarar og taksørar:

Jegerprøveinstruktør: Ole Simen Nesdal, Håkon Nesse, Per Norstein, Kim Vidar Bakken og Odd Rune Våge. Hjelpeinstruktørar er Inge Yttri og Sverre Fossen

Småvilttaksør: Kim Vidar Bakken.

Hagleinstuktør: Nils Olav Langeteig, Emil Røysum Skartun, Tom Debu Nesvåg og Svein Inge Lundheim.

Instruktørar aversjondressur: Kurt Langeteig, Bjørn Monsen, og Robert Brenden.

Hjelpeinstuktør Jon Husabø.

Rifleinstruktør: Bjarne Sjøthun, Odd Rune Våge, Terje Verlo, Erlend Loftesnes Røysum, Lars Jonny Røysum og Nils Olav Langeteig.

Hagledommar: Nils Olav Langeteig, Frode Husum, Emil Røysum Skartun, Tom Debu Nesvåg og Svein Inge Lundheim.

Ettersøksdommar: Elin Anita Gjerde.

Fuglehunddommar jaktprøver: Bjørn Monsen

Andre aktivitetar:

Også i 2017 er ei lang rekke meir eller mindre tradisjonsrike arrangement gjennomført. Desse er lista opp under.

Leikanger jfl har fortsatt «*partnarskapsavtalen*» med barnehagane i Leikanger Kommune.

Aktivitetane som inngår i avtalen er garnfiske i Sognefjorden og fiskedag i Pilavika.

I Pilavika fekk alle barna utdelt kvar si nye haspelstang frå jakt- og fiskelaget.

Når mange av desse aktivitetane går på dagtid er det godt å ha ivrige pensjonistar og andre i medlemsrekkekene som stiller opp og hjelper til. Stor takk til Sverre Fossen, Steinar Næss,

Åsmund Espe, Arne Rosenlund, Knut Egil Sundet, Per Sivert Nesdal, Terje Verlo, Kjetil Berg, Eivind Røysum, Andor Orrestad, Frode Ølmheim, Oddvar Lundheim, Per Harald Søvik, Sverre Fjøsne, Kim Vidar Bakken, Jens Bjarne Henjum, Øyvind Njøs, Ørjan Talle, Svein Kai Fedje, Bjarne Sjøthun og Svein Inge Lundheim.

- Isfisketur på Dalevatnet.
- Fisketur med barnehagen i Pilavika. (Partnarskapasavtale)
- Garnfiske med barnehagen. (Partnarskapasavtale).
- Garnfiske med 7.klassen.
- Båtfisketur for flyktningar.
- «Jaktskytingens dag» gratis skyting.
- «Språkkafè» aktivitet med flyktningar.
- Friluftsdag «Fri Moro» på Kleppa i lag med kommunen.
- Fiskesommer i småbåthamna: verving og utdeling av gratis fiskeutstyr til barna.
- På stenden vår på ”Fruktbare dagar” vart det utdelt gratis smaksprøvar av fisk og vilt.
- Div. dugnad arbeid er gjennomført i året som er gått, om lag 10-15 har delteke. I fare for å gløyma nokon, vert ikkje nokon nemde.

Andre tilbod til medlemmene:

Leikanger jfl forhandlar fortsatt «*Sportsman's pride*» hundefør. Det er 4 typar hundefør i 15kg sekker som er til salg til medlemar i NJFF. Salget går fortsatt bra og i 2017 er det seldt 2310kg hundefør, 300kg kattefør og i tillegg kjem sal av førtønner og hundekjeks.

Leikanger Jakt- og Fiskelag har 15% rabattavtale for medlemane hjå Ering Røysum as. (gjeld jakt-, fiske- og friluftsutstyr).

Aluminiumbåten som Leikanger jfl fekk tildelt av NJFF i 2015, har påmontert ein 4Hk yamaha påhengsmotor. Båten ligg på plass nr.83 i vestre hamn til Leikanger Båtlag. Båtplassen er sponsa av Leikanger Båtlag og Marine Harvest. Båtansvarleg er Bjarne Sjøthun. Medlemar som ynskjer å bruke båten, må kjøpe seg nøkkel og booke seg inn på nettportalen til NJFF. Barnehagane får tilgang til båten når den er ledig. Båten vart brukt ein del i 2017.

I desember gjennomførte me eit vellykka kurs i røyking av laks, med Kjetil Berg som røykesjef. Ca. 20 deltakarar var med på prosessen: filetering, salting, tørking, røyking og vakumpakking. Marine Harvest sponsa 38 laks på 4-5kg til prosjektet.

Det vart delt ut vakumpakka laksestykker til medlemar og andre som har bidrige i 2017.

Leikanger jfl har fått status som «rovviltbane». Det skal leggast til rette for treningsskyting på store rovdyr som ulv, jerv og gaupe. I tillegg skal me arrangera «bjørneprøven». Det er laga 9stk stativ til dyreskivene som skal settast opp på høgre sida 100M skivene i Eivaldgjerde. Det er gjennomført prøveskyting men pga. av att me kom seint i gong fekk me problem med å finna ledig skytetid.

Leikanger jfl inngjekk ein ny avtale med Per-Arvid Hauge om kjøp av 2 stk hjorteløyver i Mørkretsalen i Luster Kommune. Det vart jakta i fleire dagar utan att det vart felt dyr.

Leikanger jfl fekk også tilbod på 7 stk hjorteløyver av grunneigarane i Huksdalen. Det vart jakta kvar helg frå september og fram til jul av ca.15-20 jegrar og det vart felt 10 dyr inklusive 3 ekstraløyver. Hjortejakten i Huksdalen og Mørkretsalen er godt egna til jakttopplæring.

Det var 18 overnattingar i Trastadalshytta, inkl.3 med dugnad.

Lagshytta, grillhytta, badestampen og leiriduebana har vore leigt ut både til medlemmer, bedrifter og andre.

Samlinga av utstoppa dyr og fuglar i lagshytta på Kleppa består no av: jerv, oter, raurev, gråspett, mår m/gauk i kjeften, sporvehauk, kattugle, tiur, nøtteskrike, 2 røysekattar, 2 dompappar, grønfink, storskarv, smålom, fossekall, 2 liryper, ravn, skjor, hornugle, orrhane, ekorn, siland og hjortekalv.

Utvala i 2017

FISKEUTVALET

Leiar: Jan Magne Vigdal
Medlem: Sverre Fjøsne
Medlem: Kjetil Berg
Medlem: Eivind Røysum

JAKTUTVALET

Leiar: Bjarne Sjøthun
Medlem: Per Olav Henjum
Medlem: Per Norstein
Medlem: Terje Verlo

SKYTEUTVAL

Leiar: Per Norstein
Medlem: Tom Debu Nesvåg
Medlem: Svein Inge Lundheim
Medlem: Erlend Loftesnes Røysum

BARNE- OG UNGDOMSUTVAL

Leiar: Kim Vidar Bakken
Medlem: Bjørn Ove Steig
Medlem: Inger Ness
Medlem: Camilla Njøs

HUNDEUTVALET

Leiar: Odd Rune Våge
Medlem: Bjørn Monsen
Medlem: Oliver Prøven
Medlem: Jon Husabø

LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

REKNESKAPEN 2017

	2017	2016	2015
UTGIFTER			
Medl.kontingentar	1 800,00	8 200,00	1 050,00
Kurs/møter/seminar/samlingar	20 402,64	29 238,16	29 547,00
Trastadalshytta	1 394,13	4 801,50	12 363,30
Drift leirduebane	42 098,00	54 632,17	59 402,00
Drift lagshytte	21 266,76	22 783,03	35 976,19
Nybygg/dugnadsarbeid	126 861,46	84 656,06	37 698,68
Jakt og fangst	12 066,50	45 992,00	57 145,97
Barn/ungdomsaktivitet	27 511,39	17 750,96	19 009,21
Fiske-, hund- og jenteaktivitetar	4 558,00	2 218,00	1 482,00
Dyrefør	58 639,50	54 717,00	76 718,00
Diverse utgifter	93 377,53	101 595,00	34 687,17
Sum utgifter	409 975,91	426 583,88	365 079,52
INNTEKTER			
Medl.kontingentar	11 010,00	17 830,00	13 315,00
Kurs/møter/seminar/samlingar	19 220,00	26 240,00	34 022,00
Trastadalshytta	2 250,00	3 450,00	530,00
Drift Leirduebane	41 423,90	49 837,00	104 870,00
Drift lagshytte	10 220,00	11 260,00	26 486,00
Nybygg/dugnadsarbeid	4 000,00	1 987,50	
Jakt og fangst	25 660,00	16 070,00	45 464,00
Barn/ungdomsaktivitetar	48 403,98	52 633,95	80 077,71
Fiske-, hund- og jenteaktivitetar	7 900,00	6 750,00	14 180,00
Dyrefør	68 468,44	71 285,00	71 850,00
Diverse inntekter	37 343,00	27 183,00	29 053,00
Sponsor/Gaver/Norsk tipping/Bingo	170 709,21	110 281,17	162 761,75
Sum inntekter	446 608,53	394 807,62	582 609,46
Overskot	36 632,62	-31 776,26	217 529,94
AKTIVA PR 31.12.2017			
Sparebanken Sogn og Fjordane	512 973,22	476 340,60	508 116,86
Flugestenger, haspelstenger og div.fiskeutstyr	25 682,00	28 536,00	31 707,00
Skot, duer, premiar, artiklar for sal	66 460,00	62 227,75	60 898,50
3 stk lavvo, div.leirutstyr, feller og flugebittingutstyr	20 807,00	20 897,00	23 219,00
Lagshytte, 3 stk kastarhus, vedhus-lager og grillhytte	1 930 000,00	1 930 000,00	1 930 000,00
Leirduekastarar m/ utstyr, omformarar (220/24V)	126 064,00	56 738,00	63 042,00
Videospelar, overhead, stativ, lerret, vakum, laminering	5 951,00	6 612,00	7 347,00
DVD, 2 stk projektorar, høgtalaranlegg, skrivar/kopi, 2 stk bærbar PC	17 967,00	19 963,00	13 292,00
5 stk hagler, luftgevær, salong, 4 hk motor, flatskjerm	29 267,00	26 963,00	22 181,00
Utstoppa dyr og fuglar, boggihengar, merkemaskin	83 125,00	90 361,00	51 512,00
Quick-teit, 2 stk el-halsbånd, 2 stk viltkamera	15 109,00	16 788,00	18 653,00
Kasse med kontantar	1 430,00	1 480,00	1 680,00
Dyrefør	32 320,00	30 160,00	34 580,00
Sum aktiva	2 867 155,22	2 767 066,35	2 766 228,36



31.12.2017/04.02.18

Rekneskapen er revidert, inntekter og utgifter
samsvarar med bilaga.

22.02.2018



Styret og tillitsvalde i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2017

Forklaring: A = på val 2018 B = ikke på val 2018

Styret:

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag:	Telefonnr.:
B	Leiar	Svein Inge Lundheim		90605267
A	Nestleiar	Ole Simen Nesdal	Attval	99607677
A	Kasserar	Håkon Nesse	Attval	99205044
B	Sekretær	Kjell Erik Strand		95191905
B	Varamedlem	Sverre Fjøsne		90639848
A	Kvinnekontakt	Ingeborg Sivertstøl	Attval	97106904

Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun	Attval	90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum	Attval	91333305
B	Medlem	Per Norstein		48182680
B	Medlem	Terje Verlo		41525303

Fiskeutval:

B	Leiar	Jan Magne Vigdal		95259791
A	Medlem	Sverre Fjøsne	Attval	90639848
B	Medlem	Kjetil Berg		90277167
A	Medlem	Eivind Røysum	Attval	95927891

Skyteutval:

B	Leiar	Per Norstein		48182680
A	Medlem	Tom Debu Nesvåg	Attval	99559925
A	Medlem	Svein Inge Lundheim	Attval	90605267
B	Medlem	Erlend L. Røysum		95870045

Barn- og ungdomsutval:

A	Leiar	Kim Vidar Bakken	Camilla Njøs	45255241
B	Medlem	Bjørn Ove Steig		90740719
A	Medlem	Inger Ness	Attval	92870410
B 1år	Medlem	Camilla Njøs	Kim Vidar Bakken	97092790

Hundeutval:

B	Leiar	Odd Rune Våge		41295025
B	Medlem	Bjørn Monsen		90590848
A	Medlem	Oliver Prøven	Attval	41425383
A	Medlem	Jon Husabø	Elin Anita Gjerde	91308911

Revisor:

A		Sverre Fossen	Attval	95841004
B		Inge Yttri		90593596

Valkomite:

A	Leiar	Inger Ness	Tom Nesvåg	92870410
B	Medlem	Tom Nesvåg		99559925



Aktivitetar i 2018

- 20.-22.april og 27.-29.april: Jegerprøven
- 1.april: Oppstart ny predatorkonkurransen.
- Laur/tors i mars: Oppstart jaktfelttrening.
- Jaktskyttarskule: gratis hagle- rifleskyting
- Rovviltbane-bjørneprøven: lage terminliste (laurdagar)
- Leirdueskyting mandagar og onsdagar etter påske.
- Jaktskytingens dag (gratis hagle- og rifleskyting)
- 13.mai: Livet i Pilavika.
- 21.mai: Vårsprennen.
- 27.mai: Blodsporkonkurransen.
- 27.mai: «Indre Sogn Cup» 50skot.
- 19.juni: «Fri moro».
- 24.juni: Fiskesommer.
- 4.august: Fiskekonkurransen på Fjærlandsete.
- 18.august: Duellen med grilling.
- Lagsmeisterskap i jegertrap og sporting.
- Hjortejakt-opplæringsjakt.
- Parteringkurs av hjort.
- Åtejakt på rev.
- Fellefangst på mår, røysekatt og mink.
- Røykelakskurs.

Årsmøtereferat Leikanger Jakt- og Fiskelag, lagshytta på Kleppa

1.mars 2018 kl.19:00

Desse møtte:

Svein Inge Lundheim, Per Norstein, Ingeborg Sivertstøl, Ole Simen Nesdal, Sverre Fossen, Steinar Næss, Inger Ness, Vidar Frækaland, Kim Vidar Bakken, Per Olav Henjum, Bjørn Monsen, Kjell Erik Strand
(12 stk.)

SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinkalling.

Godkjent

2. Val av møteleiar og skrivar.

Møteleiar: Svein Inge Lundheim

Skrivar: Kjell Erik Strand

3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.

Val: 1. Bjørn Monsen
 2. Steinar Næss

4. Årsmelding 2017

Godkjent

5. Rekneskap 2017

Godkjent

6. Val.

Innstilling frå valnemnda:

Styret:

Nestleiar: Ole Simen Nesdal	attval
Kasserar: Håkon Nesse	attval
Kvinnekontakt: Ingeborg Sivertstøl	attval

Jaktutval:

Leiar: Bjarne Sjøthun	attval
Medlem: Per Olav Henjum	attval

Fiskeutval:

Medlem: Sverre Fjøsne	attval
Medlem: Eivind Røysum	attval

Skyteutval:

Medlem: Svein Inge Lundheim	attval
Medlem: Tom Debu Nesvåg	attval

Barne- og ungdomsutval:

Leiar: Camilla Njøs	ny
Medlem: Inger Ness	attval
Medlem: Kim Vidar Bakken	ny 1år

Hundeutval:

Medlem: Oliver Prøven
Medlem: Elin Anita Gjerde

attval

ny

Revisor:

Sverre Fossen

attval

Alle val vart gjort samrøystes i samsvar med valnemnda si innstilling.

Innstilling frå styret på valnemnd:

Leiar : Tom Debu Nesvåg
Medlem: Inger Ness vart foreslått som medlem.
Leiar og medlem vart valt samrøystes.

7. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.

Skei 17. mars

Forslag frå styret:
Svein Inge Lundheim, Ole Simen Nesdal og Ingeborg Sivertstøl.

Alle vart valt samrøystes.

8. Medlemskontigent 2019

Framlegg frå styret:
Ingen endring av kontingensten for 2019

Samrøystes.

9. Info. om aktivitetar i 2018.

- Gjennomgang av aktivitetar i 2018
Isfisket på Dalavatnet må utgå pga. store snømengder og usikker is.
- 40-års markering 16.mars

10. Innkomne saker.

Ingen saker.

Desse vart vinnarar av trekte «vervepremier» Bjørn Monsen,
Kim Vidar Bakken og Ole Simen Nesdal.

Servering av hjortekarbonader laga av Kjetil Berg
Per Norstein viste film frå jakttur i Namibia.

Årsmøtet slutt kl. 22.00 Underskrift:

Underskrift:

Bjørn Monsen
Bjørn Monsen

Steinar Næss
Steinar Næss